

Skeisbotnen Barnehage AS  
Skeisbotnen 58  
5217 HAGAVIK

Unntatt offentleg innsyn

§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1

Referansenummer.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Brevdato
20/62682	20/13875	Lena Epland Sløgedal 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no		09.11.2020

### **Endeleg rapport etter stadleg tilsyn Skeisbotnen barnehage**

Bjørnafjorden kommune, har i perioden 04.08.20 til dags dato, gjennomført varsla tilsyn med Skeisbotnen barnehage. Kontaktperson i barnehagen: Susanne Wigum og Bjarte Nord.  
Det vart gjennomført stadleg tilsyn i Skeisbotnen barnehage 30.09.2020.

Det vart ikkje avdekkta lovbroter under tilsynet.

#### **Om tilsynet med Skeisbotnen barnehage**

Bjørnafjorden kommune, som barnehagemynde, fører tilsyn med Skeisbotnen barnehage, jf. barnehagelova § 16. Kommunen sitt tilsyn med barnehageeigar, er tilsyn med det som er lovpålagt knytt til barnehagedrift. Barnehagelova § 8 gir kommunen ansvar for å sjå til at barnehagelova blir etterlevd i barnehagane. Barnehagemynde har i § 8 fått tre sentrale virkemiddel som kan bidra til at barnehagane etterlever lova: godkjenning, rettleiing og tilsyn. Barnehagelova § 7, barnehageeigar sitt ansvar, er ein naturleg del av tilsyn med barnehagane.

#### **Tema for tilsynet med heimel i Lov om barnehager og delegert fullmakt:**

Lov om barnehager (barnehagelova).

Rammeplan for innhaldet i og oppgåver i barnehagen.

Tema og føremålet med tilsynet:

- Barnehagen sitt innhald (Lov om barnehager § 2)
- Plikt til å samarbeide med skolen om overgangen fra barnehage til skole (Lov om barnehager § 2a)
- Forskrift om foreldrebetaling i barnehager § 3, moderasjonsordninger
- Styrar (Lov om barnehager § 17)
- Pedagogisk bemanning (Lov om barnehager § 17a) Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjoner i barnehagen
- Grunnbemanning (Lov om barnehager § 18)

- Krav om norskferdigheter for å bli ansatt i barnehage og krav om norskferdigheter for personer med utenlandske yrkeskvalifikasjoner som styrar eller pedagogisk leiar (Lov om barnehager § 18a og b)
- Politiattest (Lov om barnehager § 19)
- Teieplikt (Lov om barnehager § 20)

Tilsynet rettar merksemda mot barnehagen si oppfylling av krav innanfor dei oppgitte emne, og rapporten viser eventuelle lovbroter som vart avdekte under tilsynet. Rapporten gir såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av barnehagen.

### Om gjennomføringa av tilsynet

Tilsyn med Skeisbotnen barnehage vart opna gjennom varselbrev datert 04.08.2020.

Barnehagen er pålagt å legge fram dokumentasjon for kommunen med heimel i barnehagelova § 8. Tilsynet vart gjennomført ved granskning av framlagte dokument og ved intervju av personar tilknytt barnehagen.

Barnehagen har fylt ut og returnert skjema «Samla dokumentoversikt» og «Eigenvurderingsskjema» ved innsending av dokumentasjon.

### Rettslege krav

Etter barnehagelova § 16 fører kommunen tilsyn med alle barnehagane i kommunen.

Kommunen kan gje pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege tilhøve ved godkjente eller godkjenningspliktige verksemder, og vedta tidsavgrensa eller varig stenging.

Kommunen bestemmer sjølv korleis og kor ofte tilsyn skal gjennomførast. Kommunen sitt stengingsvedtak skal sendast fylkesmannen til orientering.

Når kommunen driv rettleiing og tilsyn med barnehagane, er dette utøving av offentleg mynde. Det følgjer av barnehagelova § 8 at kommunen, som barnehagemynde, skal rettleie og sjå til at barnehagane driv i samsvar med gjeldande regelverk. Kommunen sin kunnskap om barnehagane dannar grunnlag for bruk av verkemidla rettleiing eller tilsyn.

### Kommunen sin konklusjon

Bjørnafjorden kommune har i endeleg tilsynsrapport etter tilsyn med Skeisbotnen barnehage ikkje funne broter på regelverket. Endeleg tilsynsrapport som vert gjort offentleg på kommunen sine heimesider.

Vurdering av oppfølging av regelverk (barnehagen sin praksis sett opp mot lovkrav, tema for tilsynet)

1. Barnehagen sitt innhald (Lov om barnehager § 2)  
Lovbrot ikkje funne.
2. Plikt til å samarbeide med skolen om overgangen fra barnehage til skole (Lov om barnehagar § 2a)  
Lovbrot ikkje funne.
3. Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar § 3, moderasjonsordningar  
Lovbrot ikkje funne.
4. Styrar (Lov om barnehager § 17)  
Lovbrot ikkje funne

5. Pedagogisk bemanning (Lov om barnehagar § 17a) Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjoner i barnehagen  
Lovbrot ikke funne

6. Grunnbemanning (Lov om barnehager § 18)  
Lovbrot ikke funne.

7. Krav om norsferdigheter for å bli ansatt i barnehage og krav om norskferdigheter for personar med utenlandske yrkeskvalifikasjonar som styrar eller pedagogisk leiar (Lov om barnehagar § 18a og b)  
Lovbrot ikke funne.

8. Politiattest (Lov om barnehagar § 19)  
Lovbrot ikke funne.

9. Teieplikt (Lov om barnehagar § 20)  
Lovbrot ikke funne.

Skeisbotnen barnehage fekk frist til 14. november til å kommentere førebels tilsynsrapport.  
Det er ikke kommen inn merknader.

Med vennleg helsing

Line Rye  
Kommunalsjef oppvekst

Lena Epland Sløgedal  
Barnehagemynde og utvikling

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Kopi til:**

Karianne Moberg

Barnehagefagleg rådgjevar